

ÅRSMELDING 2015

1. Innleiing

Kven er FNF

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er eit nettverk for mange friluftslivs- og naturvernorganisasjonar i Møre og Romsdal med til saman over 20 000 medlemskap. FNF Møre og Romsdal skal arbeide for å sette friluftsliv og naturvern på dagsorden. Auke bevisstheita om helse og livskvalitet samt kor viktig det er å ta vare på naturen og miljøet rundt oss. Med sin opne form og demokratiske styreform utgjør dei friviljuge natur- og friluftslivsorganisasjonane eit talerør for brukarane av allemannsretten i norsk utmark.

FNF vil påverke i alle typar plansaker og enkeltsaker som har konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv. Dette vil først og fremst være fylkesplanar, viktige kommuneplanar, men også i nokre høve reguleringsplanar. Langsiktig påvirknings- og haldningsarbeid ovanfor besluttande myndigheter og opinion.

Sette saker vedrørende natur og friluftsliv på den samfunnsmessige dagsorden. Etablere god kontakt med myndigheitene. Kompetanseoppbygging i organisasjonane.

Hovudmål og tiltak 2015

I 2015 har FNF Møre og Romsdal hatt ein koordinator i 100 % stilling i heile året (som ein har hatt sidan 2011). Koordinatoren er ansatt hos Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (sidan 9. august 2010). Koordinatorstillinga dei første to åra av FNF Møre og Romsdal (2000-2001) låg hos Naturvernforbundet, dei neste 8 åra hos NJFF (2002-2010).

2015 var friluftslivets år. Ved sidan av mange ulike arrangement rundt om i fylket i regi av organisasjonane i fylket, har ein hatt to store arrangement i året. Det vart arrangert ein friluftslivsløp på Setnesmoen i Rauma kommune i juli under Norsk Fjellfestival. Denne leiren blei gjennomført i fellesskap med dei ulike organisasjonane med økonomisk stønad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune og Rauma kommune. Me saksar frå rapporten som vart laga frå denne leiren;

Det deltok 54 deltakarar på Friluftslivsløpet 2015. Det var 25 gutar og 29 jenter.

Deltakarane var i alderen 12-17 år, flest i alderen 13 og 14 (25 stk) Det var 9 stk under 13 år på leiren, desse var alle speidarar og saman med vaksne/foreldre. Deltakarane kom frå 13 kommunar. Fræna 11, Averøy 6, Gjemnes 2, Molde 13, Nesset 3, Rauma 7, Kristiansund 4, Oslo 2, Tingvoll 1, Valldal 1, Volda 3, Vestnes 1.

Setnesmoen var ein godt eigna stad for leir. Det tekniske fungerte, greie toalett og vass-forsyning. Området ligg strategisk knytt til at det er eit mangfald av ulike naturtypar i nærleiken, samt at det er ein «passe» avstand til det urbane liv. Det vart vurdert knytt til regnfyllt vervarsel at det var naudsynt med innkjøp av «mat-telt». Nå løyste våre gode speidarane mykje av utfordringane med sine varmetelt og oppspente dukar. Ferdige teltgrupper med nummererte teltstad med klar lavgopakke vil vere ei forbetring for å ta i mot deltakarane og å få dei innlosjert i telta. Toalett og tilgang til vatn er viktig og var vurdert som tilfredsstillande.

Vi har fått tilbakemeldingar frå både deltakarar og organisasjonane som var med at dei synest leiren var ein positiv oppleving. Veldig kjekt og nyttig å samarbeide med dei andre friluftsgeselskapa i fylket. Ein av fordelane med ein slik leir er at ein blir betre kjent, og det er då i ettertid lettare å ta kontakt om andre ting.

Vi har med ein slik leir etablert ein samarbeidsarena mellom organisasjonane som vi kan utvikle vidare, for eksempel med kreativ bruk av dei ulike organisasjonar sin kompetanse og ressursar. Kven av dei ulike organisasjonane som ønskjer eit samarbeid i framtida, vil vere opp til dei ulike organisasjonane å bestemme.

Det andre store arrangementet i friluftsåret var friluftskonferansen på Åndalsnes i september. Dette var ein fylkeskonferanse med hovudtema stien og tittel på konferansen «Friluftsliv – ein lokal utviklingsmotor». FNF Møre og Romsdal hadde ein fin dialog med fylkeskommunen om planlegginga av denne konferansen og fekk satt friluftsliv på dagsorden. Det var godt oppmøte og me betraktar at denne konferansen traff godt og var eit viktig treffpunkt for friluftsliv i friluftslivsåret 2015.

Friluftsliv – ein lokal utviklingsmotor



TYSDAG 22. SEPTEMBER 10.00-19.00: Guida tur over Romsdalseggen

Turen over Romsdalseggen går midt i Noregs vakreste fjellverden – med ei utsikt som kan ta pussen frå den mest erfarne fjellvandrar: her er fjell og fjord, tindar og fossar på alle kanter. Romsdalseggen er balkongplass til eit drama kor aktørane er dei villaste fjella i Noreg. Etter kvart som du bevegar seg langs eggen opptre dei ein etter ein: Kongen, Dronninga, Romsdalshorn, Store Trolltind, Store Verjestind. For ikkje å snakke om Trollveggen med tanngarden av forrevne trolltindar. Som bakteppe kan du skimte Trollstigen, Molde by, og Norskehavet. (romsdal.com)

Turen krav gode fjellsko og fysisk form til å vere på tur i 7-8 timar. Niste, drikkje og klede til å vere i fjellet ein heil dag.

Oppmøte ved Grand Hotel Bellevue kl 10.00

Program

ONSDAG 23. SEPTEMBER

Kva vil vi med utviklinga av friluftslivet?

10.00-10.15 Velkommen til Åndalnes
- Lars Olav Hustad, Ordførar Rauma kommune

Friluftslivet sine verdi:

10.15-10.45: For menneske - Svein Nordand, seksjonssjef folkehelse Møre og Romsdal fylkeskommune
10.45-11.15: For næringslivet - Ørve Gjølsvik, daglig leiar Avas

11.15-11.30: Beinstrekk

11.30-12.00: For reiselivet - Rørar Harsvik, Destinasjon Nordmøre og Romsdal

12.00-12.30: For kommunen - Solvig Brøsto Sletta, Nordveggen AS

12.30-13.30: Lunsj

Friluftslivet sine rettar og plikter

13.30-14.10: Allemansretten og allemansplikten - Marianne Ræusch, ph.d. *Allemansretten - Friluftslivets rettsgrunnlag

14.10-14.50: Samvokstrens på begrensna areal - Frode Flensæter, seniorforskar og Dr.polit. ved Norsk senter for bygdeforskning

Tilrettelegging av natur

14.50-15.10: Merkehåndboka - Anna Mari Aasmøtt Hjelte, organisasjonssjef i Den Norske Turistforening

15.10-16.00: Tur til Nebba og befarar av anlegg med jodling i Romsdalsfjella - Kleine Heine og Polkabrjenn

16.00-16.30: Via ferrata i Mercka fjell - Svein Hjeltnes, Tindeveileder (UASMF/MSA) Norgeguidene

16.30-18.00: Tilbod om tur til Rampestreken. Dei som vil avslutte på Nebba går ned til hotellet

20.00 Middag med underhaldning av Kleine Heine og Bjørn på langs

TORS DAG 24. SEPTEMBER

Korleis få til utvikling av friluftslivet?

Planlegging for utvikling av friluftslivet
08.30-08.45 Film om prosjekt i kommunane

08.45-09.15 Verdien av planlegging i kommunane - Ole Helge Klagen, Fylkesplansejef Møre og Romsdal fylkeskommune

09.15-09.45 Planlegging for kven? Presentasjon av brukarundersøkinga for SIKKØTT - Guri Kaustad Skrove, Møreforskning og Ola Frøme, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

09.45-10.00 Beinstrekk

Verktøy for kommunane

10.00-10.30 Kva kan fylkeskommunen bidra med? - Petter Jenset, rådgjevar friluftsliv, Møre og Romsdal fylkeskommune

10.30-11.00 Beinstrekk

Slik har vi gjort det hos oss

11.00-11.30 Tilrettelegging i Ålesund - Kathrin Kobberik, folkehelsekoordinatør i Ålesund kommune

11.30-12.00 Statens vegvesen som stibyggar i samarbeid med ein frivillig organisasjon - Jens Ivar Fjellhaug og Anne Britt Moen, Statens Vegvesen

12.00-12.30 Tilrettelegging i verdensarvområdet - Marole Lovell Rønneberg, Sittings Gåringsverfjorden Verdsarv

12.30-13.00: Gruppearbeid

13.00 Takk for no og lunsj

Program for Friluftskonferansen 2015

Hovudmål for 2015 har vore å byggje opp forumet FNF til å bli noko som gjer at medlemsorganisasjonane får større slagkraft knytt til natur- og friluftsspørsmål. Vi har ein dialog med dei større medlemsorganisasjonar på den grønne grein i fylket. Vi har også prøvd å knyte kontaktar med organisasjonar som har felles interessefelt med FNF, men som ikkje er medlemsorganisasjonar. Ein av oppgåvene til FNF er å danne samarbeid mellom aktørane, og det føler vi at vi lykkas godt med.

Utviklinga, resultat og utfordringa vidare

FNF har no 12 organisasjonar under FNF-paraplyen.

Eit hovudmål også for 2015 har vore å skape eit meir forutsigbart og stabilt økonomisk grunnlag for organisasjonane tilknytt FNF. Frå 2011 kom 4 nye organisasjonar (Naturvernforbundet, samt turistforeningane) under fast driftstilskotpost frå fylkeskommunen utan at ein må søkje årleg. Frå 2015 kom 4 H, samt Norges Speiderforbund, Romsdal og Nordmøre krets inn i ordninga med fast årleg driftstilskot utan å søkje. Begrensninga med dette driftstilskottet er at det gjeld for tre år i perioden 2016-2018. Samstundes manglar vi framleis

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no

dei tre andre speidarkretsane i denne ordninga. Desse tre organisasjonar bør søkje om å få fast årleg driftstilskot som dei andre organisasjonane har gjort.

Den 7. mai 2015 blei det etablert ein ny organisasjon FNF for Norge som har som mål og samle alle FNF-koordinatorane i ein organisasjon. Dette er ingen endring i fagleg retning på arbeide, men er meir som eit organisasjonspreget grep. I praksis vil arbeidsgivaransvaret bli overført til FNF sentralt medan AU vil ha same mandat og arbeidsoppgåver som tidlegare.

FNF har ein eigen nettstad for FNF i alle fylker www.fnf-nett.no .

Koordinatoren har ansvaret for å oppdatere og leggje ut informasjon om aktiviteter som skjer i regi av forumet på heimesida. Aktuelle saker knytt til FNF sine medlemsorganisasjonar blir lagt ut på heimesida jamnleg.

2. Saker (eksternt)

Saker/uttalelser

- Fast årleg driftstilskot u/søknad; Kontaktmøte med fylkeskultursjefen i fylkeskommunen
- Nedbygging av strandlina; Raffelneset, Bjørsetsaga
- Kommuneplan/reg.plan; Rauma, Molde
- Sikring av areal til friluftsmål; Bremsneshatten, Prestegårdsskogen, Bjørsetsaga, Frei, Flobjellvegen
- Skjøtseltiltak i verneområda; utvalde naturtypar, lyngbrenning/slått
- Friluftslivsplanlegg (spelemidlar); Annas fotspor, turkart, Romsdalseggen, turstiar/bruer Sylteelva, skilting Fursetfjellet-Kleivevatnet (Gullruta), tursti Herjevatnet, tursti Selsetervatnet, tursti Flemsetervatnet
- Skilting av turmål frå kjøreveg, skilting turstiar
- Frislepp av snøskuterkøyring, prøveordning for kommunar, nytt lovverk motorisert ferdsel
- Vasskraftutbygging; kraftpakke Sykkylven/Vanylven/Rauma/Stordal
- Sykkel; sykling ved ferjekaier (Furneset) og sykling gjennom tunellar (Opdølstunellen)
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder; Romsdalsfjorden
- Friluftslivets år 2015 og Friluftslivets år 2015 (sjå eigen rapport)
- Inngrep i urørt natur, klatrefelt
- Friluftslivets veke 2015; Dyregoddagane
- Jordvern; Tresfjordbrua
- Turistforeningshytter; MRT si Skorgedalsbu og Storlihytta

Møter

- Fylkeskommunen
- Fylkesmannen
- Statens vegvesen
- Kommunar

Representasjon

- Medlem anleggsrådet
- Samlingar for FNF
- Vassregionsamling
- Verneområdestyra (Geir Haugli og Knut Festø i Reinheimen, Øystein Folden i Dovrefjell, Fredrik Emblem i Trollheimen og Åsmund Steen i Geiranger/Herdalen)

Informasjon

- Nettsida til FNF
- FNF – folder utlevert på møter

3. Organisatorisk

Innleiing

Samansetninga av FNF i dei einsskilte fylka tek utgangspunkt i organisasjonane som er med i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Friluftsrådene Landsforbund (FL) og Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN). Det er opp til organisasjonane i det enkelte fylke å avgjere kor breitt samarbeidet skal vere.

Kven er tilslutta FNF nasjonalt

Organisasjonene som er med i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) og samarbeidsrådet (SRN) er; 4H Norge, Kristen Idrettskontakt, Den Norske Turistforening, Forbundet KYSTEN, Norges Turmarsjforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, KFUK-KFUM-speiderne, Norges Klatreforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Padleforbund, Norges Røde Kors Hjelpekorps, Norges Speiderforbund, Skiforeningen, Syklistenes Landsforening, Norges Naturvernforbund og WWF-Norge. Friluftsråda er tilslutta gjennom Friluftsrådene Landsforbund (FL).

Kven er tilslutta FNF i Møre og Romsdal

Forutan organisasjonane i arbeidsutvalet har 4 H skreve under tilslutningserklæringa. Somaren 2010 skreiv Friluftsrådet Ålesund og Omland under tilslutningserklæringa. Hausten 2011 skreiv Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT) og Ålesund - Sunnmøre Turistforening (ÅST) under tilknytningserklæringa. I 2012 skreiv dei 4 speidarorganisasjonane i fylket vårt under tilknytningserklæringa. Pr. 31.12.2015 er det då 12 organisasjonar i fylket som er tilslutta FNF.

Arbeidsutvalet FNF

FNF Møre og Romsdal blir styrt av arbeidsutvalet som består av valde representantar frå medlemsorganisasjonane. FNF Møre og Romsdals høgaste organ er det årlege fellesmøtet kor alle medlemsorganisasjonane er representert. Fellesmøtet har vedtekne eigne retningsliner for organiseringa og drifta av FNF Møre og Romsdal. Arbeidsutvalet i FNF Møre og Romsdal har i 2015 har med Åsa Fredly som leiar vore;

Åsa Fredly	NJFF-Møre og Romsdal
Øystein Folden	Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Åsmund Steen	Ålesund - Sunnmøre Turistforening
Ola Fremo	Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
Synnøve Valle	Speidarane i fylket (NSF/KFUK-KFUM-sp)

Det har i 2015 vore halde 5 møter (11 møter i 2010 og 2011, 9 møter i 2012, 5 møter i 2013, 5 møter i 2014) med arbeidsutvalet. Møta er ofte halde etter møte med andre organisasjonar (friviljuge/offentlege). Utanom desse møta har det vore mykje kontakt på telefon og e-post kommunikasjon.

Administrasjon

Koordinatoransvaret har i 2015 ligge hos Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal med ein 100 % stilling med Ingbjørn Bredeli som koordinator i FNF M&R.

FNF Møre og Romsdal har i 2015 hatt kontor på Molde gamle stadion, Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE. Kontoret er bemanna av koordinator med tlf. 46431427 med epostadresse; moreogromsdal@fnf-nett.no.

Fellesmøter

Det har i 2015 vore halde eit fellesmøte. Dette var fellesmøtet 5. mars med vanlege saker for fellesmøtet. Møtet halde i Kristiansund i Speidarhuset (Ynglingen).

4. Økonomi

Den økonomiske tilstanden gir grunnlag for fortsatt drift. Det var eit overskot frå tidlegare år og ein starta difor driftsåret 2015 med kr 319 174 i pluss. Med kr 500 000 i overføring frå Norsk Friluftsliv og kr 198 000 i driftstilskot frå fylkeskommunen hadde vi eitt gunstig utgangspunkt for 2015. Driftsåret 2015 viser eit underskot på kr 112 829. Når det gjeld øvrige budsjettpostar, viser vi til rekneskap for 2015.